



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Veronica Opsanger

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/182-15

19. mai 2020

Avvising av klage på vedtak om løyve til Onarheim kraftverk - klagesak

Veronica Opsanger har i e-post den 24.02.2019 klaga på at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i brev av 04.02.2019 har avvist klaga på NVE sitt løyve til Onarheim kraftverk av 10.01.2019.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunn til å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 26.04.2019.

Bakgrunn

NVE ga 10.01.2019 Sunnhordland Kraftlag AS løyve til bygging av Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune i Vestland fylke. NVE sitt løyve blei m.a. klaga på av Veronica Opsanger. NVE avviste klaga med den grunngjevinga at Opsanger ikkje har rettsleg klageinteresse. NVE viser også til at Opsanger heller ikkje er part i saka og dermed ikkje har klagerett på dette grunnlag.

Klaga

Klagar meiner å representera dei som bur i området. Det blir vist til at tiltaket kan røre ved drikkevassinteressene og allmenne interesse elles. Klagar er ikkje samd med NVE i dei vurderingane som ligg til grunn for løyvet.

Departementet sine merknader

Departementet legg til grunn at klagar er ein privatperson som har klaga på vegne av omsynet til allmenne interesser. NVE viser til at privatpersonar ikkje blir sett på som representantar for allmenne interesser på ein slik måte at det blir gitt klagerett, sjølv om alle har høve til å uttale seg til ein sak. NVE konkluderer med at klagar ikkje har dokumentert

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

tilstrekkeleg tilknytning til vedtaket, og dermed ikkje har rettsleg klageinteresse. Departementet sluttar seg til NVE si vurdering.

Departementet vil elles vise til at løyvet til Onarheim kraftverk er klaga på av friluft- og naturvernorganisasjonar lokalt og regionalt, i tillegg til at ein grunneigar har klaga på vedtaket. Det er departementet som dermed fattar endeleg vedtak i saka. Departementet har i vedtak av dags dato halde NVE sitt vedtak ved lag.

Departementet sin konklusjon

Klaga frå Veronica Opsanger blir ikkje teken til følgje. NVE si avvising av klaga pga. manglande klagerett blir halde ved lag.

Dette vedtaket kan ein ikkje klaga på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd, første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Norges vassdrags- og energidirektorat